

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 17/9124

Dykkar
referanse:

Dato: 30.09.2017

Att:

Vibeke Lokøy

Eide Fjordbruk AS 866751242 - Søknad om utvidelse av arealet på lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune - uttale

Vi viser til brev av 29.06.2017 frå Hordaland fylkeskommune og søknad dagsett 01.06.2017 frå Eide Fjordbruk AS om utviding av arealet på lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeri-interessene i høve til arealbruk og det marine miljø.

Fiskeridirektoratet region vest kan ikkje sjå at ei utviding av oppdrettsanlegget på lokalitet Ospeneset frå 3 til 6 ringar, vil føre til vesentlig auka konfliktpotensial med utøving av fiske. Vi ser heller ikkje at ei utviding av arealbruk vil representerer noko større trugsmål for det marine miljøet.

Om søknaden

Lokalitet 19655 Ospeneset er i dag godkjent for ein produksjon av 3120 tonn matfisk av laks, aure og regnbogeaure i eit anlegg bestående av 3 plastringar i rammer på 100 x 100 meter. Det vert søkt om å utvide anlegget frå 3 til 6 ringar, og dei tre nye ringane skal leggest i ei rekkje på nordvestsida, parallelt med dei eksisterande ringane. Fôrflåten vert søkt flytta frå søraustsida av anlegget til nordvestsida. Som bakgrunn for søknaden oppgjev selskapet at dei ønskjer å ha ei produksjon som samsvarer med den MTB lokaliteten er godkjent for.

Verksemda har løyve til å produsere 3120 tonn på lokaliteten, men for å utnytte denne kapasiteten betre har dei trong for å utvide anlegget med tre nye merdar.

Planstatus

Sjøområdet der oppdrettsanlegget er lagt ut er i kommunen sin arealplan satt av med hovudformål 'bruk og vern av sjø og vassdrag' jf. Plan og bygningslova § 11-7, nr. 6. Omsøkt utviding av anlegget med 3 ringar vert liggjande innanfor det same sjøområdet, men nokre av fortøyingssystema krysser over kommunegrensa og inn i Masfjorden kommune, der arealbruk etter kommuneplanen er einkategori fiskeområde. Reguleringsplan for det aktuelle sjøområdet er for tida under utarbeiding; *reguleringsplan for Langøy-Ospeneset akvakulturområde*.

Vurdering konfliktpotensial med fiske

I det aktuelle sjøområdet er det ikkje registrert særskilde fiskeriinteresser i Fiskeridirektoratet sin kartdatabase 'kystnære fiskeridata'. Delar av fortøyingssystema kryssar over kommunegrensa om kjem inn i Masfjorden kommune, der areala er satt av for fiske jf kommuneplanen. Fiskeridirektoratet region vest ser ikkje at konfliktpotensial vert vesentlig auka på bakgrunn av at fortøyingssystema frå eksisterande anlegg allereie er lagt ut i det same sjøområdet.

Miljøgranskingar – MOM B

Siste MOM B-undersøking av lokaliteten vart utført av Rådgivende Biologer AS i januar 2017. I samandraget til rapporten konkluderar dei med følgjande; «*Samtlege granskingar utført på lokaliteten sidan oppstart i 2010 har synt tilstand 1 = "meget god" på lokaliteten. Kombinasjonen av gode straumtilhøve, god djupne og bratt skrånande botn gjer lokaliteten godt eigna til å handtere dagens produksjonssyklus*».

Ein utviding av anlegget frå 3 til 6 ringar utan auka MTB, vil etter regionkontoret sin vurdering ikkje føre til ei auka belastning på det marine miljøet. Vi ser det derimot som meir heldig at ein spreiar utsleppa frå anlegget over eit større areal. Fiskeridirektoratet region vest har ingen merknader til søknaden i høve til marint miljø.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
-------------------------	---------------	------	--------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Mattilsynet	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL